

# Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

## Møtereferat

**Møte:** Møte nr. 2-2016 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Dato:** 5. oktober 2016

**Stad:** NTNU Ålesund, Kunnskapspark-bygget (møterom Ørnetua i 3. etasje)

**Møtetid:** kl. 10.00-14.00

### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:*

Giske kommune ved teamleiar tildelingskontoret Lene Sørensen  
Haram kommune ved einingsleiar indre omsorgseining Bjørg Brynhildsvoll  
Norrdal kommune ved einingsleiar/kommuneoverlege Martin Unger  
Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset  
Skodje kommune ved einingsleiar helse og omsorg Per Løkkeborg  
Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust  
Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei  
Sula kommune ved einingsleiar Oddrun Marie Måseide  
Sykkylven kommune ved kommuneoverlege S. Bhatia  
Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen  
Ålesund kommune ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund  
HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen  
HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for alderspsykiatri og habilitering Nils Arne Skagøy  
HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for medisinsk avdeling Gro Åsnes

### *Forfall:*

Sykkylven kommune ved kommunalsjef Eldrid Suorza  
HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for ortopedisk avdeling Lars Kjetil Aas  
Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

### *Frå samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal:*

Rådgivar Lena Bjørge Waage

### **Møteleiar:**

Leiar i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjørg Brynhildsvoll

**Referent:** Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Sak 7/2016: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjørg Brynhildsvoll

Innkallinga vart godkjent. Det var ingen saker til eventuelt.

**Sak 8/2016: Godkjenning av referat frå forrige møte.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjørg Brynhildsvoll

Referatet frå forrige møte 2. mai 2016 vart godkjent.

**Sak 9/2016: Møteplan 2017**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjørg Brynhildsvoll

Jf. Delavtale 12 til Samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Møtedatoar i 2017 vart bestemt til 15. mars og 27. september.

**Sak 10/2016: Rapport om meldte uønskete samhandlingshendingar mellom kommunar og helseføretak i Møre og Romsdal fjerde kvartal 2015.** Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal

Rapporten byggjer på oppfølging av samhandlingstilsyn. Datagrunnlaget er oktober – desember 2015. Det er registrert 222 avvik i perioden, mot 46 i 2014. Avvika gjeld mellom annan forhold ved innlegging og utskrivning av pasientar, episkrisehandtering og emeldingar. Det er brukt meldeskjema, elektronisk løysing er førebels ikkje på plass. Samhandlingsavdelinga får inn alle avviksmeldingar, men har ikkje kapasitet til å svare på alle. Tilbakemeldingar på avvika vert gjeve frå sakshandsamarar i klinikkane.

Frå samhandlingsutvalet vart det sagt at kommunane ikkje har fått skjemaet tilsendt og det ikkje er gode nok systemrutiner for å melde avvik. Det vart opplyst om at skjemaet finst på HMR sine internettsider. Det kom forslag om at avvik også burde kunne meldast per epost eller telefon.

Tre utfordringar vart identifisert:

1. Gjere avvikssystemet kjent
2. Få avvikssystemet elektronisk
3. Korleis forbetre seg internt (t.d. organisasjon, leiing, haldningar og kultur)

Konklusjonen vart at uvalet ønskjer ein læringskultur på området med vidare kvartalsrapportar på avvik. Utvalet vil følgje saka på vidare møter i 2017. Ålesund kommune samt samhandlingsavdelinga og medisinsk avdeling i HMR vart bedne om å ta eit førebuande møte om saka før neste møte i utvalet (om korleis arbeide med samhandlingsavvik ved nye Åse sjukeheim.)

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Sak 11/2016: Oppfølging av delavtale 6 til Samhandlingsavtalen – «Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering».** Ved rådgivar Lena Bjørge Waage i Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal. Innleiing om felles kompetanse- og rekrutteringsplan ved praksiskonsulent i HMR Stian Endresen

For å følgje opp delavtale 6 skal det utarbeidast ein handlingsplan i eit tidsperspektiv haust 2016 – vår 2017. Ein ser dette arbeidet i nær samanheng med punkt 4.2 i delavtale 12 under oppgåver for dei lokale samhandlingsutvala vedkomande oppfølging av godkjent kompetanseplan. Planen vil tene som ei forankring for korleis ein skal nytte arbeidsteknikkane ein har utvikla. Visjonen for planen er samhandling for å utvikle pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal. Ein ser samhandlingsarbeidet som ein kontinuerleg læringsprosess. Planen vert forankra i Overordna samhandlingsutval, sendt på høyring og justert.

Utvalet oppnemnte Nils Arne Skagøy (HMR), Lene Sørensen (Giske kommune) og Martin Unger (Norrdal kommune) som representantar frå det lokale utvalet til ei arbeidsgruppe som skal utforme handlingsplan.

Det kom forslag om å involvere Høgskulen i Volda, NTNU Ålesund, Høgskolen i Molde og Fylkesmannen i Møre og Romsdal i dette arbeidet slik at ein får ein samkøyrd kursplan med felles fagdagar for sjukehusområda Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund.

**Sak 12/2016: Presentasjon av vedteken samhandlingsstrategi med handlingsplan for pasientar med rus- og psykiske helseplager.** Ved Stian Endresen

Ei partssamansett arbeidsgruppe har utarbeidd samhandlingsstrategi for pasienter med rusrelaterte – og psykiske helseplager på tvers av behandlingsnivå.

Måla med handlingsplanen er: 1)Hjelp til sjølvstendighet og meistring av eige liv (og helse) 2)Tilgjengelegheit og koordinering av helsehjelp 3)Rett pasient på rett plass til rett tid.

Handlingsplanen tek for seg tre hovudområder: Kunnskap om kvarandre. 2. Gode overganger (inkl. kompetanseheving) 3. Likeverdige tilbod.

Det er lagt vekt på at planen skal vere konkret, enkel og mogleg å gjennomføre innan eksisterande økonomiske rammer. Planen skal reviderast om 2 år.

Utvalet vedtok å ta orienteringa til vitande og støttar vidare oppfølging av handlingsplanen i samhandlingsstrategien.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

### **Sak 13/2016: Korleis få til eit liknande samarbeid som Sjustjerna på Nordre Sunnmøre?**

Innleiing ved Stian Endresen om erfaringar frå Sjustjerna-samarbeidet. Diskusjon i samhandlingsutvalet.

På forrige møte i samhandlingsutvalet vart det konkludert med at ein vil utvikle ein sterk arena for samhandling etter modell frå Sjustjerna i Ålesund sjukehusområde.

Sidan har dette vore drøfta i samhandlingsgruppa (for leirarar innan helse og omsorg) i Sunnmøre Regionråd som gjorde følgjande vedtak: «Samhandlingsgruppa viser til drøfting i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde og støttar utvikling av ein sterk arena for samhandling etter modell frå Sjustjerna.»

I samhandlingsgruppa vart etablering av sekretærfunksjon for samhandlingsarenaen frå nyttår nemnt. Det kom vidare forslag om at ei arbeidsgruppe skal førebu etablering av ein slik samhandlingsarena.

Stian Endresen orienterte om arbeidet i Sjustjerna. Ein har gått frå ad hoc arbeid til plan, og laga årshjul med faste fagdagar og prioriterte satsingsområder.

Utvalet kom fram til at ein skulle setje ned ei arbeidsgruppe (beståande av dei som er representantar både i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde og i samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd) som til neste møte i samhandlingsgruppa 18. november 2016 skal leggje fram forslag til organisering og finansiering av eit liknande interkommunalt samarbeid på nordre Sunnmøre som Sjustjerna er på søre Sunnmøre. Utvalet peika ut Ann Kristin Røyset til leiar for arbeidsgruppa.

### **Sak 14/2016: Kva skal ein søknad frå helseføretaket til kommunen innehalde vedkomande pasient som skal utskrivast? Ved Bjørg Brynhildsvoll**

Kommunane ønskjer at helseføretaket skal beskrive helsetilstanden til pasientar som skal utskrivast, ikkje kva tiltak kommunen bør setje inn. Kommunane opplever at sjukeheim vert etterspurt frå sjukehuset, men at sjukehuset er usikker på kva bukollektiv står for. Epikrise skal sendast elektronisk til dei som skal følgje opp pasienten.

Det vart peika på at epikriser og henvisningar må innehalde realistiske bestillingar til mottakar. Ein må sikre at samtykke fra pasient vert innhenta før ein skriv bestilling. Henvisningane må innehalde gode funksjonsbeskrivelsar. Kvart behandlingsnivå må sjølv få lov å ta stilling til kva tenester ein skal gi til pasientene.

### **Sak 15/2016: Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.